

Geoplan

**REGULERINGSFØRESEGNER TIL
REGULERINGSPLAN FOR MASSEDEPONI PÅ NEDRE SPILDO
DEL AV GNR 90 BNR 4 M.FL., GRANVIN**

Plannr:

Saksnr:

Dato: 14.02.2011 23.03.11 (*just tekst*)
12.03.2012 revisjon 1

1 Reguleringsformål

1.1 Området vert regulert til

Pbl §12-5, nr 1 Bebyggelse og anlegg
Boligbebyggelse – frittliggjande småhus (1111)
Massedeponi (1201)

Pbl §12-5, nr 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
Kjøreveg (2010)

Pbl §12-5, nr 5 Landbruks-, natur- og friluftformål
Landbruksområde/Vegetasjonsskjerm (5900)

2 Felles føresegner

2.1 Utforming av tiltak

2.1.1 Alle inngrep skal planleggjast og utførast slik at skadeverknadene på natur og landskap vert små. Det skal sikrast ei kantsone med vegetasjon langs formålsgrensa.

2.2 Driftstider

2.2.1 Normal driftstid i anlegget er kl 0700-1530 på kvardagar, måndag-fredag. I periodar vil driftstida kunna vera kl 0700-1900, dette er det tatt høgde for i støyvurderinga, jfr. støyrapport. Laurdag er det tillatt med transport og flytting av massar kl 0700-1530, men ikkje knusing. Drift er ikkje tillate søndag og helgedagar.

2.2.2 Tilkøyring av massar følgjer Statens vegvesen sitt opplegg for tunneldrift, og vilkåra i pkt. 2.2.1 gjeld ikkje for transport til mellombels masselager.

2.3 Rekkjefølgje

2.3.1 Før igangsetjing av massedeponi skal avkøyrsla leggjast om. Utforming og siktilhøve skal tilfredsstilla Statens vegvesen sine krav.

2.3.2 Ved fylling av stein og uttak og knusing av massar i massedeponiet skal det til ei kvar tid vera fungerande tiltak for å handtera overvatn frå lager- og produksjonsområdet slik at omjevande vassdrag ikkje vert tilført skadeleg avrenning, jfr. pkt. 3.1.2.

2.3.3 Voll for støyskjerming og visuell skjerming må vera etablert og fungerande til ei kvar tid mot bustader, hovudveg og Skorvo før knusing av massar kan finna stad, jfr. pkt. 3.1.2.

2.3.4 Etter kvart som deponiet vert tømt, skal skrått terrenget setjast i stand slik at vegetasjon kan etablera seg. Etter at steinmassane i heile deponiet er utnytta, skal det ryddast opp, og det som er eigna til landbruk skal setjast i stand til slikt formål, jfr også pkt 3.1.2 og pkt 3.3.

3. Arealformål

3.1 Pbl §12-5, nr 1 - Bebyggelse og anlegg

3.1.1 Boligbebyggelse – frittliggjande småhus (1111)

I området kan oppførast bustadbygg. Tillatt BYA er 50%.

3.1.2 Område for massedeponi (1201)

Området skal nyttast til mellombels deponi for steinmassar. Det er tillate å lagra inntil 200 000 m³ tilkøyrte masse samstundes. Største tillatte høgd for oppfylling er kote 78 øvst i deponiet og kote 51 i lagringsområdet. Område for produksjon og mellomlagring skal etablerast slik plankartet viser. Mellombels oppfyllingar skal ikkje ha brattare skråning enn 1:1,5.

Knusing og sikting av massar skal frå toppen av dei massane som er deponerte, men heile tida på eit så lågt plan at det kan skjermast med voll mot omgivnadene. Knusing og sikting av massar før deponiet er fyllt opp så mykje at det kan etablerast produksjon på toppen, og ved avslutning når deponiet er i ferd med å tømast, kan skje med ein lågare voll enn det som elles er fastlagt, eller det kan skje i området for mellomlagring.

For å skjerma mot støy og innsyn skal det etablerast vollar med tilstrekkeleg høgd.

Skjermingsvoll i det øvre deponiområdet skal ha ei utstrekning slik det er vist på figur 1 i støyrapport (*Kilde Akustikk, rapport 5625-1, datert 22.12.2010*), pkt 4.

Når knusaren står plassert på kote 61-75, må det vera ein voll med høgd på minst 4 m over det nivået som knusaren står på. Når knusaren står plassert på kote 48-60, må det vera ein voll med høgd på minst 6 m over det nivået som knusaren står på.

Voll ved mellomagringsområdet skal stellast til på ein landskapsmessig forsvarleg måte.

Utforming av voll mot bustad vert avtalt mellom tiltakshavar for massedeponiet og bustadeigar. Vollen skal fjernast i samband med avslutta drift.

Mellom regulert veg og regulert bustad skal det etablerast ein støyskjerm utforma som tett vegg eller voll. Utstrekning og høgd av støyskjerm vert avtalt mellom tiltakshavar for massedeponiet og bustadeigar.

Overvatn og sigevatn frå området skal takast hand om. For å redusera miljøpåverknaden for nærliggjande vassdrag skal følgjande tiltak etablerast:

- avskjerande grøfter for oppsamling og bortleiing av overvatn rundt massedeponiet
- etablering av sandfangkum og infiltrasjonsanlegg med inspeksjonskum for avrenning frå området som er dekkja av massedeponiet, herunder eit program for overvaking av vasskvaliteten i Storelvi og Skorvo.
- sedimenteringsanlegg dersom infiltrasjonsanlegget ikkje har tilfredsstillande renseevne

- det skal monterast ein inspeksjonskum også ved utløp frå eventuelt sedimenteringsbasseng.

I området er det tillate mellombels etablering av bygningar og andre anlegg som er nødvendige for drifta, herunder transportband, siloanlegg, knuse- og sorteringsverk, oppstillingsplassar for kjøretøy og utstyr og liknande. Alle bygningsmessige anlegg krev søknad i samsvar med plan og bygningslova og tilhøyrande forskrifter.

I driftsperioden skal dei delane av masselageret og masseuttaket som kan medføre fare for menneske eller husdyr, haldast forsvarleg sikra.

Området skal setjast i stand fortløpande etter som drifta av delar av massedeponiet eller masseuttaket vert avslutta. Ved avslutning av drifta skal området stellast til slik at det kan nyttast til landbruksdrift (slått beite eller skogproduksjon) eller naturområde. På dei delane av området som høver til slåttemark, skal det leggjast ut jord med tjukn minst 0,3 m før tilsåing.

Tiltakshavar må retta seg etter følgjande krav med omsyn til ureining:

Støv

Nedfallsstøv frå lagring eller produksjon målt ved grensa av reguleringsføremålet skal ikkje på noko tidspunkt overstiga 5 g/m^2 pr 30 døgn.

Støy

Støy ved bustad skal ikkje overstiga krava som er sett i støyvurderingsrapport, Kilde Akustikk, rapport 5625-1, datert 22.12.2010, pkt 3. Støygrenser.

Til vatn

Det skal gjennomførast naudsynlege tiltak for å hindra at avrenning og sediment frå massedeponiet vert ført ut i tilstøytande vassdrag. Dimensjonering av infiltrasjonsanlegg og eventuelt sedimenteringsbasseng skal skje ut frå førekomande vassmengder.

Plan for handsaming av avrenning skal godkjennast av kommunen.

Det skal etablerast eit program for overvaking av vasskvalitet og mogleg påverknad av nærliggjande vassdrag. Det skal takast vassprøvar i tilstøytande vassdrag før oppstart av anlegget. I tillegg skal det jamnleg takast prøvar av utsleppsvatnet og av tilstanden i vassdraga. Programmet skal koplust opp mot anna undersøkingsprogram for vassdraga som Statens vegvesen gjennomfører i området, og skal godkjennast av fylkesmannen før drift av massedeponi vert sett i gang.

Det skal lagast ein beredskapsplan for å hindra utslepp til resipient og for å sikra god drift av anlegget. I tillegg til overvakingsprogram skal tiltakshavar ha god visuell kontroll av dei tiltaka som vert etablert for å hindra at suspenderte massar når vassdrag.

Avsluttande arbeid

Når deponerte massar er fjerna frå området, kan det takast ut rest av grusmassar og steinmassar som ikkje er tekne ut før deponeringa tek til. ~~Slik drift kan strekkja seg over ein periode på maksimalt 3 år etter at deponiet er tømt. Etter at drivverdige massar er tekne ut, skal området vera avvølt og rydda innan 2 år.~~

[Drifta skal vera avslutta og området skal vera avvølt og rydda seinast 20 år etter at reguleringsplanen er vedteken.](#)

Etter bruk skal terrenget ~~i deponiet setjast i stand~~ ~~istandsetjast~~ til om lag same høgd som tidlegare på dei flatare delane av området. Sideterreng skal ikkje planerast brattare enn stabil skråning, tilsvarande 1:1,5 i lausmassar. Tidlegare veg gjennom området skal gjenopprettast fram til tidlegare brufeste på nordsida av Skorvo.

3.2 Pbl §12-5, nr 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

3.2.1 Køyreveg (2011)

Det er tillate å etablera veg for tilkomst til massedeponi og landbruksområde.

3.3 Pbl §12-5, nr 5 Landbruks-, natur- og friluftsmål

3.3.1 Landbruksområde/Vegetasjonsskjerm (5900)

Området på utsida av massedeponiet skal haldast rydding og framstå som grønt landskap. Det kan framførast traktorveg langs Skorvo med trase som vist på plankartet (eksisterande vegrett).

Mot vassdrag skal det haldast av ei sone med kantvegetasjon med ei breidd på minst 5 **10** meter.

Området skal se jast i stand fortløpande etter som drifta av delar av massedeponiet eller masseuttaket vert avslutta Ved avslutning av drifta skal området stellast til slik at det kan nyttast til landbruksdrift (slått, beite eller skogproduksjon) eller naturområde. På dei delane av området som høver til slåttemark, skal det leggjast ut jord med tjukn minst 0,3 m før tilsåing.